



Hjelmås VVS AS
Leiknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3959 - 16/446

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.01.2016

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 171/13 Seim.

Kommunen viser til søknad om utsleppsløyve og løyve til tiltak etter pbl mottatt 23.11.2015. Søknaden gjeld oppgradering av avlaupsreinseanlegg til biologisk/kjemisk reinseanlegg. Kommunen vil gje uttrykk for at vi er positiv til omsøkte oppgradering.

Mottakskontroll

Kommunen finn etter gjennomgang av søknadane at dei ikkje er tilstrekkeleg opplyst til å kunne handsamast. Vi har følgjande merknader:

Plangrunnlaget

Omsøkte plassering av avlaupsanlegget ligg innanfor område som er omfatta av reguleringsplanen for RV 57 Espeland – Herland. Arealet som avlaupsanlegget skal plasserast på er avsatt til anna veggrunn.



Det er innhenta uttale i saka frå Teknisk drift som skriv:

Teknisk drift syner til internt høyringsnotat motteke 18.12.2015 vedkomande søknad om oppgradering av avlaupsanlegg på gbnr 171/13.

Avdelingsleiar veg og underteikna har sett på saka og anbefaler at ein forholder seg til reguleringsplan for Rv 57 Espeland – Herland. Minireinseanlegg bør plasserast der eksisterande slamavskiljar er plassert.

Slik tiltaket er søkt plassert i dag krev det dispensasjon frå reguleringsplanen. På bakgrunn av uttalen i saka vil ein tilrå at ny plassering av anlegget, i samsvar med tilrådinga over, vert vurdert.

Plassering av tiltak innanfor byggjegrensa langs vegen som er 15 meter, vil krevja dispensasjon frå denne. Teknisk drift handsamar slike søknader. Søkjar bør ta kontakt med Teknisk drift for å finna ei plassering av både anlegg og leidningar som kan godkjennast. Vedlagt følgjer søknadsskjema for dispensasjon frå byggjegrense. Plassering av avlaupsreinseanlegg, leidningar og etterpoleringsanlegg må gå fram av søknaden.

Situasjonsplanen

Situasjonsplanen har ikkje tilfredsstillande kvalitet. Målestokk er ikkje oppgjeve og avstandar er ikkje påført planen. Vedlagt følgjer situasjonskart i M 1:500 for innteikning av tiltaket. Avstand til midt veg og nabogrense må førast på.

Reinseløysing

Det må gjerast greie for, og gå fram av situasjonsplanen, kor avlaupet frå reinseanlegg/etterpoleringsgrøfta skal førast. Utgangspunktet er at avlaupet skal førast til bekk med heilårs vassføring/vassdrag eller til jordbruksgrøft.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.02.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1 og forureiningsforskrifta § 12-5. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

søknadsskjema disp frå byggjegrænse langs komm. veg
Kart 171-13

Kopi til:

Tarjei Styve
Teknisk drift

Krokjen 215

5912

SEIM

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leiknesvegen 183 5915

HJELMÅS